

RETNINGSLINJER – RESSURSGRUPPER FOR TIDLEG INNSATS I HÅ KOMMUNE

Hå kommune, sept. 2020.

1. Det skal vera ei ressursgruppe for tidleg innsats ved kvar barnehage og skule i Hå kommune.
2. Målsetjinga for gruppa er tidleg innsats og førebyggjande arbeid. Gruppa skal samordna og gi råd om tiltak for barn og unge i alderen 0 - 16 år. Dette gjeld både i høve til fysiske, psykiske, språklege, faglege og sosiale vanskar.
3. Ressursgruppa er knytt til barnehagen eller skulen. Leiар ved barnehagen/skulen har ansvar for innkalling og referat. Referata skal sendast vidare til barnehagesjef/skulesjef til orientering. Prinsipielle saker blir tatt vidare inn til tverrfagleg koordineringsgruppe.
4. Gruppa skal vera samansett av faste representantar frå helsestasjon, barnevernstenesta, PPT og leiар ved kvar barnehage/skule. Ved ønskje eller behov kan føresette og andre instansar kallast inn. Alle instansane, både faste representantar og andre instansar, har ansvar for å mælda opp saker. Alle i gruppa er likeverdige. Føresette har møterett. På nokre møte på ungdomsskulane, mellom anna det første, er politi, SLT og fritid representerte.
5. Før eit namngjeve barn vert drøfta i gruppa skal det føreliggja skriftleg samtykke frå føresette og frå barn som er over 15 år. Det vert nyttet eige skjema til dette. Samtykket vert til vanleg gitt for eit barnehage-/ skuleår om gongen.

I fylgje barnelova § 31 og barnevernslova § 6-3 skal eit barn som er fylt 7 år, og yngre barn som er i stand til å danna seg eigne synspunkt, informerast og få høve til å seia meininga si før det vert teke avgjerd i personlege forhold for barnet. Meininga til barnet skal bli vektlagt etter alder og modning. Når barnet er fylt 12 år, skal det leggjast stor vekt på kva barnet meiner. Det må avklarast i forkant av møtet i gruppa kven som skal snakka med barnet, og om barnet skal delta.

Barn kan verta drøfta anonymt i gruppa, utan samtykke frå føresette. Eit barn bør ikkje drøftast anonymt meir enn ein gong.

Alle barn som vert drøfta i gruppa, anten anonymt eller med samtykke frå føresette skal følgjas opp med ei tilbakemelding angående tiltak i neste ressursgruppemøte. Drøfting med samtykke frå foreldre skal enda i ein oppfølgingsplan.

Når det vert sendt felles innkalling til møtet, skal det ikkje stå namn på barnet. Namnet på barnet vert oppgjeve i eiga innkalling. Det skal alltid stå at det er innhenta skriftleg samtykke. Leiар ved barnehagen/skulen har ansvar for referat/arkivering.

6. Styrar/rektor har ansvaret for at det blir utarbeida ein skriftleg oppfølgingsplan. Oppfølgingsplan blir lagt i barnemappe/elevmappe. Vidare arbeid blir gjort fortløpende og referert i neste ressursgruppemøte.
7. Alle føresette i kommunen skal få informasjon om ressursgruppene. Barnehagane/skulane har ansvar for å gjera denne informasjonen kjend for heimen på foreldremøter og på barnehagen/skulen si nettside.
8. I det første møtet i ressursgruppa på hausten bør det setjast av tid til minimum 4 møter for barnehage-/skuleåret. Forslag til tema er sett opp.